

### Saksgang

Utv.	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesvalstyret		14.06.2021

### Klage på fylkesvalstyrets vedtak i PS 4/2021

#### Forslag til vedtak

Fylkesvalstyret held oppe vedtaket i PS 4/2021. Kystpartiet sitt listeforslag til Stortingsvalet 2021 i valdistriket Sogn og Fjordane vert ikkje godkjent.

Saka vert etter dette oversend Riksvalstyret for endeleg avgjerd.

#### Samandrag

Kystpartiet Vestland sendte 8. juni 2021 inn ein klage på fylkesvalstyret sitt vedtak i PS 4/2021 «Stortingsvalet 2021 - godkjenning av listeforslag for valdistriket Sogn og Fjordane».

Fylkesrådmannen legg til grunn at klagan er sendt inn innan fristen, til rette instansar.

Fylkesrådmannen vil rá til at fylkesvalstyret held oppe vedtaket i PS 4/2021, og at Kystpartiet sitt listeforslag til Stortingsvalet 2021 i valdistriket Sogn og Fjordane ikkje vert godkjent.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kystpartiet Vestland sendte 8. juni 2021 inn ein klage på fylkesvalstyret sitt vedtak i PS 4/2021 «Stortingsvalet 2021 - godkjenning av listeforslag for valdistriktet Sogn og Fjordane». Klagen er lagt ved saksframlegget i sin heilheit.

Moglegheit og framgangsmåte for klage på fylkesvalstyret sitt vedtak om godkjenning av vallister er regulert i vallova § 6-8:

«Klage med krav om endring av valgstyrets eller fylkesvalgstyrets vedtak om å godkjenne eller forkaste et listeforslag, må fremsettes innen sju dager etter offentliggjøringen av overskriftene på de godkjente valglistene. Dersom klagen er begrunnet i at enerett til partinavn er krenket, har også et registrert politisk parti klagerett. For øvrig gjelder bestemmelsene om klage i kapittel 13.»

Her vert § 13-1 i vallova referert:

«§ 13-1.Klage ved stortingsvalg

(1) Alle som har stemmerett, kan klage over forhold i forbindelse med forberedelsen og gjennomføringen av stortingsvalget i det valgdistriket vedkommende er manntallsført. Gjelder klagen spørsmål om stemmerett eller om adgangen til å avgjøre stemme, har også den som ikke er blitt manntallsført, klagerett.

(2) Klage må fremmes innen sju dager etter valgdagen. Klage over fylkesvalgstyrets valgoppkjør må fremmes innen sju dager etter at valgoppkjøret foreligger.

(3) Klagen skal være skriftlig og skal fremsettes for valgstyret, fylkesvalgstyret, statsforvalteren, departementet eller Stortingets administrasjon.

(4) Stortinget er klageinstans for klager som gjelder stemmerett og retten til å avgjøre stemme. Riksvalgstyret skal avgje uttalelse til Stortinget om klagesakene. Riksvalgstyret er klageinstans for øvrige klager. Riksvalgstyret skal oversende sine vedtak i klagesakene til Stortinget.»

Av dette kan ein lese at frist for å sende inn klage er 7 dagar etter at overskriftene til dei godkjende vallistene vart gjort offentlege, og at klageinstans for denne type saker er riksvalstyret.

Sekretariatet for riksvalstyret ber om følgjande i e-post av 10. juni 2021:

«... Riksvalgstyret skal behandle klager på fylkesvalgstyrenes vedtak om å godkjenne eller forkaste listeforslag i møte 22. juni.

...

Vi ber om at fylkesvalgstyret behandler klagen så raskt som mulig og sender den videre til departementet, sammen med en redegjørelse for fylkesvalgstyrets behandling av klagen. ...»

Sekretariatet for riksvalstyret ber om å få dette innan 15. juni, kl. 12:00.

Vedtakskompetanse

Fylkesvalstyret gjer ein ny vurdering av innkomen klage jf. forvaltningslova § 33. Klaga vert oversend for endeleg avgjerd til Riksvalstyret.

## Vurderingar og verknader

### Formelle krav til klage

Overskriftene på dei godkjende listeforslaga vart gjort offentlege same dag som fylkesvalstyret sitt møte, 1. juni 2021. Klagen frå Kystpartiet Vestland vart sendt til riksvalstyret ved kommunal- og moderniseringsdepartementet, valdirektoratet og fylkesvalstyret i Vestland fylkeskommune 8. juni 2021.

Fylkesrådmannen legg til grunn at klagen er sendt inn innan fristen, til rette instansar.

### Klagen

Fylkesvalstyret handsama i møte 1. juni 2021 godkjenning av listeforslag i valdistrikta Hordaland og Sogn og Fjordane. I vedtaket i PS 4/2021 vart listeforslaget til Kystpartiet i valdistriktet Sogn og Fjordane ikkje godkjent.

Kravet i vallova som var bakgrunn for avslaget vert her referert i sin heilheit, merk særleg punkt (2) a):

#### «§ 6-3.Antall underskrifter på listeforslaget

(1) For partier registrert i Partiregisteret som ved forrige stortingsvalg fikk en oppslutning på minst 500 stemmer i ett valgdistrikt eller minst 5 000 stemmer i hele landet, er det tilstrekkelig at listeforslaget er underskrevet av minst to styremedlemmer i lokalavdelingen med ansvar for valgdistriktslisten gjelder. Det samme gjelder for partier som er blitt registrert i Partiregisteret etter forrige stortingsvalg. Underskriverne må ha stemmerett i valgdistriktslisten. Hvis et registrert politisk parti stiller listeforslag sammen med en uregistrert gruppe, gjelder likevel bestemmelsene i annet ledd.

(2) For øvrige forslagstillere gjelder følgende regler:

- a) Ved stortingsvalg og fylkestingsvalg skal listeforslaget være underskrevet av minst 500 personer med stemmerett i valgdistriktslisten ved det aktuelle valget.
- b) Ved kommunestyrevalg skal listeforslaget være underskrevet av et antall personer med stemmerett i kommunen som tilsvarer 2 prosent av antall stemmeberettigede innbyggere ved siste kommunestyrevalg. Listeforslaget skal likevel som et minimum være underskrevet av like mange stemmeberettigede personer i kommunen som det skal velges medlemmer til kommunestyret. Underskrift fra 300 personer er i alle tilfeller tilstrekkelig.»

Fylkesrådmannen visar til saksgrunnlaget i PS 4/2021 som bakgrunn for vedtaket:

«Kystpartiet stillar ikkje under forenkla regelverk og må difor levere 500 underskrifter for å stille med listeforslag i eit valgdistrikt, jmf. § 6-3. Krav til underskrivarane er at dei har røysterett i valgdistriktslisten, jmf. § 6-3. Vedlagt listeforslaget 31. mars 2021 var det 26 underskrifter. Den 26. april leverte partiet ytterlegare 49 underskrifter. Det er levert omrent 80 underskrifter 7. mai 2021. Kystpartiet manglar 340 underskrifter for å stille med liste i Sogn og Fjordane. Partiet har munnleg informert om utfordringar med den digitale løysinga for å samle underskrifter, samt utfordringar med restriksjonar i samband med smittevern ved fysisk innsamling og overlevering av underskrifter.

Kystpartiet fyllar per 27.05.2021 ikkje kravet i vallova § 6-3 om å levere 500 underskrifter for listeforslaget i valgdistriktslisten.»

Klagen frå Kystpartiet Vestland er vedlagt i sin heilheit. Fylkesrådmannen legg her fram hovudpunktata:

1. Den digitale løysinga for å samle inn underskrifter til listeforslag har hatt utfordringar. Kystpartiet kan vise til at det er 574 klikk inn til løysinga, men berre 24 har signert.
2. Restriksjonar på sentrale personar i partiet grunna smitteverntiltak eller karantene har gjort at ein ikkje har fått samla inn underskrifter som er henta inn fysisk.
3. Partiet bad om å få skanna/ta bilet av underskrifter slik at dei kunne sendast inn digitalt først, og sedan sende inn originaldokument. Dette gjeld 100 underskrifter.

1. Den digitale løysinga for å samle inn underskrifter til listeforslag har hatt utfordringar.

Den digitale løysinga var eit tiltak som vart gjennomført ved ein koronaforskrift, for å hjelpe parti som ikkje fell under forenkla regelverk å samle saman 500 underskrifter. Lovgrunnlaget for dette finn ein i vallova § 6-3 a og valforskrifta § 13a. Valdirektoratet har stått bak både utvikling og drift av løysinga. Fylkesvalstyret har ikkje fått beskjed om at det har vore feil ved løysinga utover kortare nedetid av «MinID».

2. Restriksjonar på sentrale personar i partiet grunna smitteverntiltak eller karantene

Frist for å levere listeforslag var kl. 12:00 den 31. mars 2021. Etter denne tid, og fram til fristen fylkesvalstyret har sett for å sette listeforslaget i orden (16. mai 2021), har den tillitsvalde for listeforslaget mogleheit til å levere det som må til for å sette listeforslaget i orden. Det var 26 underskrifter ved listeforslaget som vart levert innan 31. mars 2021, kl. 12:00. Fram til 27. mai 2021 vart det levert ytterlegare 136 underskrifter.

Fylkesrådmannen har på vegner av leiar i fylkesvalstyret vore i kontakt med dei tillitsvalde for listeforsлага ved fleire høve.

- I veke 15 fekk alle tillitsvalde e-post med informasjon om større manglar ved listeforslaget som var oppdaga til då, samt informasjon om prosessen vidare. Informasjon om at det mangla underskrifter vart informert om i denne e-posten.
- Tidleg i veke 19 fekk alle tillitsvalde brev frå leiar i fylkesvalstyret via e-post med ei oppsummering av alle feil eller manglar ved listeforsлага, samt eit utkast av informasjonen som kjem på røystesetelen. Dei tillitsvalde vart bedt om å kome med stadfestingar eller eventuelle innspel til informasjonen som kjem på listeforslaget. Også her vart det informert om manglende underskrifter.
- I veke 20 fekk alle tillitsvalde som ikkje hadde kome med stadfestingar som var førespurd ei påminning.

Fylkesrådmannen har elles vore i kontakt med dei tillitsvalde per e-post eller telefon ved behov. Det har vore god kommunikasjon med Kystpartiet Vestland, og kravet om at 500 underskrifter ikkje har vore møtt har vore godt kommunisert i heile perioden frå 31. mars 2021 til 27. mai 2021.

Fylkesvalstyret sin frist 16. mai 2021 for å sette listeforslaget i orden var utfordrande for fleire parti. Fram til 27. mai 2021 hadde fylkesrådmannen kontakt med dei tillitsvalde for å sikre at dei fekk listeforslaget sitt i orden. Det inkluderer kontakt med Kystpartiet Vestland.

3. Partiet bad om å få skanna/ta bilete av underskrifter

Som nemnt før i saka leverte partiet ved to andre høve underskrifter til fylkesvalstyret etter frist for å levere listeforslag 31. mars 2021. Møglegheita til å levere listeforslag fysisk i heile perioden frå 31. mars 2021 til 27. mai 2021 var kommunisert til partiet.

Det er rett som partiet skriv i klagan, at dei bad om å få sende inn underskrifter som var klare i Sogn og Fjordane digitalt. Bakgrunnen for førespurnaden var at det var problematisk å få henta underskriftene grunna smitteverntiltak eller karantene. Fylkesrådmannen bad om å få dei originale underskriftene for handsaming.

I vallova § 13 «Underskrifter etter valgloven § 6-3 (2) - skrift på papir, taushetsplikt» står det følgjande:

«(1) Underskriftene på listeforslag som innleveres av uregistrerte grupper og av registrerte partier som ikke har oppnådd tilstrekkelig oppslutning til å komme inn under lovens forenklede krav for innlevering av listeforslag i valgloven § 6-3 (1), skal være skrift på papir.»

Underskrifter på listeforslag kan vere vanskeleg å tyde. Det er fleire døme på at underskrifter ikkje vert godkjend fordi administrasjonen ikkje klarar å tyde namn og anna relevant informasjon.

Skanna versjonar av dokument med underskrifter er vanskelegare å tyde enn originaldokument.

Sidan kravet i valforskrifta er tydeleg på at underskrifter må leverast inn som skrift på papir, ville fylkesrådmannen ikkje handsame underskriftene før originalane vart levert inn fysisk. Både med bakgrunn i kravet i valforskrifta, men også for å syte for at så mange som mogleg av underskriftene vart godkjent.

Fylkesrådmannen kan informere om at dei 100 underskriftene som Kystpartiet Vestland refererer til i klagen ikkje er levert inn, verken i skanna versjon eller som skrift på papir.

**Økonomi:** Om fylkesvalstyret vel å endre på vedtaket sitt i PS 4/2021 vil det medføre auka kostnadane i samband med trykking av røystesetlar. Fylkeskommunen er pålagt å syte for røystesetlar for alle parti som får godkjent valliste. Dei auka kostnadane har såleis ingen innverknad på fylkesrådmannen si tilråding i saka.

**Klima:** Ikkje aktuelt.

**Folkehelse:** Ikkje aktuelt.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Ikkje aktuelt.

#### Konklusjon

Vallova § 6-3 er tydeleg på at parti som ikkje fell under forenkla regelverk skal levere inn 500 underskrifter for å stille listeforslag. Dei 500 underskriftene må vere frå personar som har røysterett i valdistriktet der listeforslaget skal stillast. I valforskrifta § 13-1 og § 13a vert det sagt at desse underskriftene skal vere skrift på papir, om ein ikkje brukar valdirektoratet si løysing for digitale underskrifter.

Fylkesrådmannen ser at kravet om 500 underskrifter kan vere utfordrande i den situasjonen vi har hatt nasjonalt og regionalt det siste året. Særskilt om elektroniske løysingar som skal lette på situasjonen ikkje fungerer slik det er lova. Når det er sagt opnar verken vallova eller valforskrifta for dispensasjonar eller bruk av skjønn når det gjeld

- krav om 500 underskrifter eller
- at desse underskriftene skal vere skrift på papir, ved unntak av bruk av valdirektoratet si digitale løysing.

Kystpartiet sitt listeforslag for valdistriket Sogn og Fjordane har berre 160 godkjente underskrifter, og manglar såleis 340 underskrifter for å nå kravet.

Fylkesrådmannen vil difor rá til at fylkesvalstyret held oppe vedtaket i PS 4/2021, og at Kystpartiet sitt listeforslag til Stortingsvalet 2021 i valdistriket Sogn og Fjordane ikkje vert godkjent.